

VELKOMMEN TIL
FØRDE BARNESKULE
Skulestart 2025

Versjon 26.06.2025

ein god skule for alle



FØRDE
barneskule

Velkomen til Førde barneskule!

Førde barneskule er ein 1-7 skule med om lag 210 elevar. Det er to SFO-avdelingar, SFO-Bikuba for 1.-2. klasse og SFO-Edderkoppen for 3.-4. klasse i tillegg til Maurtua.

Førde barneskule vart etablert i 1894

Her har vore både folkeskule, mellomskule, framhaldsskule, arbeidsskule, realskule, gymnas og barneskule.

Skulen har i mange år hatt innføringstilbod for flyktningar. I dag tilbyr vi forsterka skule for elevar frå mellom anna Ukraina.

Under 2. verdskrig var skulen hovudkvarter for tyske soldatar. Førde barneskule har ei mangfaldig skulehistorie.



Målet med skulen

§ 1-1. Formålet med opplæringa:

Lova skal leggje til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.

§ 1-2 Verkeområde

Lova gjeld for grunnskoleopplæring, vidaregåande opplæring og verksemd knytt til opplæringa. Lova gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter privatskolelova.

§ 1-3 Formålet med opplæringa

Opplæringa skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og dei som har læretid i bedrift, historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den enkelte si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og dei som har læretid i bedrift, skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og dei som har læretid i bedrift, skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Elevane og dei som har læretid i bedrift, skal møtast med tillit, respekt og krav og få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Førde barneskule sine satsingsområder

- Begynnaropplæringa

- Matematikk og vurdering
- Læring, tilpassa opplæring og motivasjon
- Vurdering og tverrfagleg undervisning
- Eit inkluderande fellesskap og "Leik for alle!"

Læring, tilpassa opplæring og motivasjon

Fagleg og sosial læring er sentralt i skulen. Alle læreplanane i skulen har som mål å gjere læringa meir relevant for framtida. I læreplanen LK20 er det ein overordna del, fag- og timefordeling og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til opplæringslova og skal styre innhaldet i opplæringa.

Skulen legg til rette for tilpassa opplæring, og vi har fokus på å sette inn tiltak tidleg. Tiltaka er knytt til organiseringa av opplæringa, pedagogiske metodar og progresjon.

Elevlar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa kan ha rett til individuell tilrettelagt opplæring, personleg assistanse, fysisk tilrettelegging eller tekniske hjelpemiddel. De kan samtale med kontaktlærer eller leiinga, om de har spørsmål knytt til opplæringa.

Elevane treng å medverke og vere aktive i eiga læring. Dette er viktig for å fremje motivasjon og læring. Elevrådet og elevdemokratiet har ein viktig funksjon i skulen, og frå 2. klasse får elevane delta i elevrådet. Det blir vektlagt at det kvart år er saker i elevrådet som elevane får påverke.

Tverrfagleg undervisning og vurdering

Skulen har i to år samarbeida med Høgskulen Vestlandet om vurdering og tverrfagleg arbeid.

God vurderingspraksis kan bidra til læring, med bruk av tydelege mål og kriterier, og faglege relevante framovermeldingar.

Vurdering for læring bygger på fire prinsipp:

- At elevane forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei
- At elevane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- At elevane får råd om korleis dei kan forbetre seg
- At elevane er involverte i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling


Eit inkluderande fellesskap

Dette betyr at alle skal føle seg velkomen i læring og leik.

Alle barnehagane og skulane i Sunnfjord kommune gjennomførte nettkurs ved Høgskulen Innlandet om inkludering i skule og barnehage. Kurset vart ferdigstilt hausten 2020, og sidan då har inkludering vore ei viktig satsing.

Skulen arbeider kontinuerleg og systematisk med å fremje eit trygt og godt skulemiljø og å førebygge og avdekke krenking. Ved krenking grip vi inn, varslar, og set inn eigna tiltak. Dette blir følgd opp heilt til elevane opplever at dei har det trygt og godt.

**Eit inkluderande fellesskap betyr
at alle elevane skal føle seg velkomen i leik og læring.**



Definisjonen er utarbeidd på Førde barneskule i skuleåret 2021/2022.

Inkludering i fritida

Det er viktig for elevane at dei også opplever inkludering i nærmiljøet sitt og i fritidsaktivitetar. Som foreldre er de viktige inn mot fellesskapet. Korleis elevane opplever fellesskapet på skulen og i SFO handlar også om inkludering på fritida.

Markering av fødselsdagar

Dette er viktige hendingar for borna, og det er lett å føle seg utanfor om ein ikkje blir invitert. Derfor har FAU og skulen blitt einige om nokre køyrereglar: Be alle jentene eller gutane, eller alle i klassen. Ein kan **låne gymsalen** til bursdagsfeiringar. Då kan ein dele ut korta på skulen. Skulen oppmodar foreldra om å **vere til stades og følgje med**. Ta kontakt med Therese Monsen- konsulent om de treng å låne gymsalen. SU anbefaler inntil 50 kroner i gåve, og at ikkje fleire enn 3- 4 elevar feirar samstundes. Evt. finne alternativ til gåve. Dette kan foreldra på trinnet bli einige om.

Leik for alle

Leik for alle er ei satsing for heile skulen. Den består av ei nyheitssending, ei lånebod med ansatte elevar, aktivitetar og konkurransar. Dette er eit prosjekt som er satt i gang for å fremme gode verdiar, skape god kultur og miljø, spesielt i friminutta til elevane våre. Elevane ved Førde barneskule kan frå 3.klasse søke "jobb" i låneboda, og stå der i dei store friminutta og ta imot lånekort og dele ut leikar/utstyr til dei andre elevane. Om lag 60 barn er med på å drive og utvikle prosjektet. Leik for alle har ein positiv effekt, med meir aktivitet, betre sosiale samhandlingar, mykje engasjement og glede i friminutta. Gjennom sending med "Time Out" / nyheiter kvar veke, får ein gitt informasjon til alle elevane samtidig. Her tek ein opp aktuelle tema og utfordringar, Quiss og mykje moro.

Elevane sitt skulemiljø, opplæringslova kapittel 12

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Dette gjeld for skulen, leksehjelp og SFO.

Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

Elevsynet til Førde barneskule

Alle barn er født med eit potensial for læring og kan stimulerast og utviklast.

- Alle barn skal bli sett og høyrte
- Kvart barn er unikt og har krav på å bli møtt med respekt
- Vi ynskjer å utvikle heile barnet

Visjon for Førde barneskule:

«Ein god skule for alle»

«Borna skal erfare at dei kvar dag får sagt noko som både born og vaksne lyttar til og svarar på»

Mosaik-markering skal gjennomførast i skuleåret 25-26

Mosaik står for mangfald og inkludering.

Her er det plass til alle – som i eit puslespel.



Heimesida til Førde barneskule

På heimesida til skulen finn de linkar til nettoppgåver, planar, skuleruta og anna nyttig informasjon: www.fordebarneskule.no
Sjå også Sunnfjord kommune si heimeside.



Alle foreldre må registrere telefon og e-post i Visma

Heim og skule nyttar Visma i kommunikasjonen. For å motta informasjon frå skulen må ein vere registrert i Visma.

Permisjon frå undervisninga

Frå 1. august 2024 fekk vi ny opplæringslov og kommunane utarbeida ei lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa. Frå hausten 2025 vil det komme nokre endringar. De finn linken til skjema på heimesida:

[Permisjon frå undervisninga - Sunnfjord kommune](#)

Skuleskyss

Elevane får gratis buss til og frå skulen når skulevegen er 4 km. eller lenger. Elevane i 1.klasse får gratis buss når skulevegen er 2 km eller lenger. Dei som kjem med buss om morgonen, blir henta ved Førdehuset. Denne ordninga gjeld fram til haustferien. Følgje til buss når skuledagen er slutt, gjeld heile året. Skulebussen går 10 minuttar etter skuleslutt.

Elevar som har særleg farleg skuleveg, og elevar med funksjonshemming, har rett til gratis skuleskyss uavhengig av kor lang skulevegen er.

Helsesjukepleiar Marte Aasen har kontortid på skulen

Måndagar klokka 08.00- 13.00

Tysdagar klokka 08.00- 15.30

Onsdagar klokka 08.00- 15:30

Informasjon om PPT og logopedtilbod

Skulen har faste møtedagar med PPT og tilbod om logoped.

Skulemjølk

Elevane kan få mjølkeprodukt til måltidet på skulen. Vi oppmodar om å bestille i starten av skuleåret. De bestiller på nettet:

<https://www.skolelyst.no/>



Skulen har skulefritidsordning for 1.-4. klasse. Born med spesielle behov kan søke om SFO-tilbod frå 5. klasse. Opningstida er frå 07.00 til 16.30. Viser til informasjonshefte og søknadsskjema. Informasjonshefte om SFO får elevane ved skulestart.

Foreldreutvalet ved Førde barneskule - FAU

Ved skulen engasjerer FAU seg i mellom anna grensesetting på spel og nettvett, uteområdet, opplæringa, og i dugnad og arrangement, som 17. mai. I tillegg har skulen SU og SMU. Sjå udir.no for meir informasjon. Møtedatoane blir lagt ut på heimesida til skulen.

Val av klassekontakt og FAU-rep. gjeld for 2 år slik:

- 1 klassekontakt med personleg vara
- 1 FAU-rep. med personleg vara

Vala skal gjennomførast om våren i desse klassetrinna:

I 0. klasse for 1.- 2. klasse, evnt 1.skuledag om hausten

I 2. klasse for 3. - 4. klasse

I 4. klasse for 5.- 6. klasse

I 6. klasse for 7. klasse

Faste oppgåver for foreldre:

- Dugnad før 17. mai og i september/oktober for 2. klasse

- Ansvar for 17. Mai for 1. og 5. klasse
- Julegrantenning for 3. klasse

Foreldreutvalet for grunnsopplæringa - FUG

FUG er ein nettressurs for foreldre med born i skulen. Her kan de finne svar på spørsmål om mellom anna rettar og plikter i SFO og skule. Sjå: <https://www.fug.no/>



Skulegensar

I løpet av skuleåret kan ein bestille skulegensar med logoen til Førde barneskule.



Timeplan skuleåret 2025/2026

Skuledagen startar kl 09.00 alle dagar for alle trinn. Her ser når elevane er ferdige på skulen i løpet av veka.

| Klasse | MÅN-DAG | TYS-DAG | ONS-DAG | TORS-DAG | FRE-DAG |
|--------|---------|---------|---------|----------|---------|
| 1. | 14.30 | 13.30 | 12.50 | 14.30 | 12.50 |
| 2. | 14.30 | 13.30 | 12.50 | 14.30 | 12.50 |
| 3. | 14.30 | 13.30 | 12.50 | 14.30 | 12.50 |
| 4. | 14.30 | 13.30 | 12.50 | 14.30 | 12.50 |
| 5. | 14.30 | 14.30 | 12.50 | 14.30 | 14.30 |
| 6. | 14.30 | 14.30 | 12.50 | 14.30 | 14.30 |
| 7. | 14.30 | 14.30 | 12.50 | 14.30 | 14.30 |

Leksehjelp

Det er leksehjelptilbod (LH) for 4.-7. klasse. Informasjon om dette ved skulestart.

Garderobe/klede

SFO og 1. klasse har felles våtgarderobe, og i tillegg kvar sin plass til byteklede og sko. I hylla i garderoben skal det alltid vere innesko og byteklede. I våtgarderoben treng elevane regnklede, utedress og støvlar. Det er viktig å merke klede og sko. Vi ynskjer at elevane våre skal ta ansvar for det dei eig.

Rutine for heimsending av kle

| | |
|------------------|--------------------------|
| Før haustferien | Ytterkle |
| Før vinterferien | Ytterkle |
| Før juleferien | Alle klea frå garderoben |
| Før påskeferien | Ytterkle |
| Før sommarferien | Alle klea frå garderoben |

Vi ynskjer at elevane har med seg berenett til å frakte kle



Hjartesone ved Førde barneskule

HJARTESONE



Vi ynskjer ei trygg «hjartesone» rundt skulen.

- Vi ynskjer å reduserere biltrafikken rundt skulen
- Vi må unngå å rygge ved inngangspartiet
- Det er lagt til rette for korttidsparkering i Elstervegen
- Dette kan gjere det lettare for elevane å gå eller sykle
- Å gå eller sykle til skulen er viktig for at barn og unge skal få nok fysisk aktivitet i løpet av ein dag
- Trygg trafikk anbefaler at barn bør vere 10-12 år før dei kan sykle aleine på stader der det er bilar og andre køyretøy

Oppmoding om bruk av parkeringsplassen ved kyrkja

- Gjeld for elevar som bur i området Falkenstein

Førde Barneskule
Tlf. 57721080
www.fordebarneskule.no